

KVINNER I ARBEIDSLIVET: *Medarrangør av "Kvinner i Vekst", Merete Drønnen, er personalsjef i Kystverket Midt-Norge. Hennar erfaring er at kvinner har ein tendens til å undervurdere sine kunnskapar og evner i arbeidslivet.*



DET VANSKELEGE STEGET: *– Vi trur at kvinner i fylket vårt både kan og vil. Gjennom "Kvinner i Vekst" håper vi å kunne gje det vesle puffet som skal til for at dei kan gå nye vegar og nå nye mål, seier konferansearrangørane Anne Berit Olsvik (t.h) og Merete Drønnen frå Ålesund.*



TRENG MEIR SJØLVTILLIT: *– Gjennom jobben min ser eg dagleg at kvinner slit med dårleg sjølvkjensle, men at ofte er det berre eit lite ekstra puff som skal til før dei tørr å ha tru på seg sjølv, seier imagekonsulent og konferansearrangør Anne Berit Olsvik frå Ålesund.*

– Må tørre og våge!

Konferansen "Kvinner i Vekst" er det einaste av sitt slag på Nordvestlandet og skal finne stad i Ålesund i oktober. – Målet vårt er å bidra til at kvinner står fram med større sjølvtillit og utviklar meir av sitt potensiale og individualitet, seier arrangørane Anne Berit Olsvik og Merete Drønnen.

Gjennom sine respektive yrker har imagekonsulent og etablerar av "Total Image", Anne Berit Olsvik, og personalsjef i Kystverket Midt-Norge, Merete Drønnen, erfart at kvinner har ein tendens til å undervurdere sine kunnskapar og evner i arbeidslivet.

Ved å arrangere konferansen "Kvinner i Vekst", ønskjer dei gjennom fokus på karriere, kommunikasjon, motivasjon og personleg utvikling, å motivere kvinner på alle nivå i arbeidslivet til å tørre å stå fram med større sjølvtillit.

Trur kvinner vil og kan

Det er mykje statistikk som underbyggjer at røyndomen stemmer overeins med erfaringane til konferansearrangørane. Sjølv om det er flest kvinner som tek høgare utdanning i Norge, viser tal frå Statistisk sentralbyrå at berre tre av ti leiarar i næringslivet er kvinner.

I ei samanlikning mellom fylka i landet viste det seg nyleg at Møre og Romsdal er verstingar når det gjeld andelen kvinnelege etablerarar. Som prikken over i-en har mange kommunar i vårt fylke i ei årrekkje skåra oppsiktsvekkande lågt på Statistisk Sentalbyrås likestillingsindeks. Undersøkinga i 2007 stilte Møre og Romsdal på ein 17. plass samanlikna med landets 19 fylker.

– Vi trur at kvinner i fylket vårt både kan og vil. Gjennom konferansen håper vi å kunne gje det vesle puffet som skal til for at dei kan nå nye mål, seier Merete før ho legg til:

Frå venninner til vekst

– I min jobb som personalsjef ser eg ofte at menn ikkje har problem med å søkje høgare stillingar enn det dei er kvalifiserte til. Kvinner søkjer først på slike stillingar når dei stettar alle kunnskapskrava, og sjølv då stiller mange til intervju med dårleg tru på seg sjølv.

Dette var ein av grunnane til at Merete takka ja då Anne Berit i vår slo på tråden for å spørje om ho kunne tenkje seg å vere medarrangør til konferansen. Anne Berit har tidlegare vore arrangør av "Kvinner og Venninner" konferansen som i fjor samla 350 deltakarar frå heile landet i Ålesund. I år ønskjer ho å satse på ein konferanse som er meir retta mot kvinner i arbeidslivet og i leiande stillingar. Derfor er ho svært nøgd med å ha fått Merete med seg på laget og hennar erfaring frå styreverv og kompetanse innan leiarutvikling og personalutvikling.

Det vesle puffet

Anne Berit har vore sjølvstendig næringsdrivande i 25 år og har sjølv erfaring med kor vanskeleg det kan vere å tørre å realisere sine karrieredraumar:

– Ein gong i tida hadde eg ganske dårleg sjølvtillit og måtte motivere meg sjølv til å tenkje annleis. Eg veit det kan vere ei utfordring å endre negative tankemønster, men det er verkeleg verdt det!

Gjennom verksemda "Total Image" tilbyr ho i dag kurs, seminar og individuelle konsultasjonar i korleis ein kan skape sin personlege og profesjonelle image - og på den måten forsterke kommunikasjonen med omgjevnadane.

– Gjennom jobben min ser eg dagleg at kvinner slit med dårleg sjølvkjensle, men at ofte er det berre eit lite ekstra puff som skal til før dei tørr å ha tru på seg sjølv; til å realisere sine draumar og vise sin individualitet, fortel ho.

Eigenutvikling

Båe arrangørar trur at kvinner ofte veit best kva kvinner treng. Derfor samlar dei til ein kvinnekonferanse der dei har samla eit knippe norske kvinnelege føredragshaldarar som i to dagar til ende skal ause av sine fagfelt. Eksempelvis skal Anne-Mette Røsting vere ein av føredragshaldarane. Ho skal snakke om temaet: "Du får det du ber om" medan Eldbjørg Gui Standal skal snakke om kvinner i leiing. Irmelin Drake skal lære deltakarane korleis dei kan marknadsføre sin humankapital. Andre tema som skal belysast i løpet av den to dagar lange konferansen er: å våge å tørre, effektiv kommunikasjon og korleis ein kan utvikle seg sjølv som merkevare.

Hjelp til sjølvhjelp

– Vi har også vore så heldige å få med oss Guri Schanke og Hilde Lyrån som konferansierar, fortel arrangørane som håper at flest mogleg kvinner frå ytre Sunnmøre tek turen over fjorden for å delta på kvinnekonferansen - for å utveksle sine erfaringar; for å få inspirasjon og for å vere med på å etablere nye nettverk.

– Dersom kvinner inspirerer kvarandre til å vekse, så vil også den som hjelper vekse, minner Anne Berit om.

For meir info. om konferansen og føredragshaldarane: www.kvinnerivekst.no

TEKST OG FOTO:
A-REPORT/ANNA GOKSØYR